## Beredskapstroppen landa i Uskedalen

13.05.2014

**Nokon undra seg kanskje over at to militærhelikoptere flaug lågt over Uskedalen ved 14-tida i dag. uskedalen.nofår opplyst at dei hadde delteke i ei beredskapsøving på Varaldsøy og var på tur heim. Dei landa på heimstaden til ein frå Uskedalen som lenge har vore med i troppen og det vart servert forfriskningar før dei for vidare.**

Bakgrunnen for øvinga på Varaldsøy var at statsministeren har feriebustaden sin der og det er viktig at beredskapen er på topp også rundt denne. Politiet var naturleg nok ein sentral aktør underøvinga.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen